

Uskedalsbøndene har fått mykje ros for innsatsen sin og no har dei fått ein stor artikkel i det landsomfattande Bondebladet.

Under tittelen som slår fast at dei har hatt sukses etter omstart slås det fast at dei er kreative, sosialt aktive, politisk aktive og alltid møter på fylkesarrangement. Det er sitat frå juryen til fylkesbondelage Leiar Olav Hjetland Bringedal seier at mange satsar og vil vera bønder i bygda no.

Lokallaget vakna til liv att i januar 2011 etter å ha vore nede for telling i 5 år. No har dei 56 medlemmer og har vorte synlege i bygda og i Hordaland Bondelag. Dei er mange unge i styret og dei er positive til det som skjer i bygda.

Det smittar over og skapar mykje meir samhold og samarbeid, påpeiker leiaren og minnar om Aktivitetsdagen og aksjonen i mai.

Styret held fram kor viktig det vert framover å orientera om norsk matproduksjon, kva landbruket betyr for landet og kor stor verdi matjordra har. Dei meiner at NB bør laga eit system slik at bøndene kvar for seg kan sjå resultatata av forhandlingane.

Auka matproduksjon må vera eit sentralt mål og ein må ha meir fokus på den globale situasjonen.

Av Ola Matti Mathisen